



FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Bergen og omland havnevesen
Att. Øistein Christoffersen/Inge Tangerås
kai.olsen@bergen.kommune.no

Dykkar ref.

Vår ref.

2011/934 - 25012/2014

Saksb. – tlf.

55096000

Dato

25.11.2014

Opplysning av BOH/danning av BH: Avklaring av mistydingar i arbeidsgrunnlaget frå Wikborg, Rein & Co

Bergen og omland havnevesen (BOH) har gjennom lengre tid førebudd oppløysing av selskapet, og danning av eit nytt selskap kalla Bergen Havn IKS (BH). Som deltakarar i BOH har både Fjell og Lindås kommunar teke aktivt og positivt del i dette arbeidet frå starten. Dette har vore heilt naturleg av di dei 2 kommunane er blant medlemmene med aller størst maritim aktivitet, og soleis blant dei som ei ny organisering ville få størst verknad for.

I møte 30.mai 2013 vart sentrale premissar for BH lagt fram for ordførarane i BOH-kommunane. Desse premissane vart stadfesta av Bergen kommune i august 2013 på grunnlag av ein førespurnad frå Fjell og Lindås. Eit vedtak i BOH sitt styre i september 2013 om vidare prosess bygger også på premissane frå ordførarmøtet i mai.

19.desember 2013 vedtok kommunestyra i både Fjell og Lindås at ein ikkje ønskte å vere med i det nye samarbeidet, men ville starte arbeidet med å etablera eit nytt hamneselskap på eigen hand. Første punkt i Fjell kommunestyre sitt vedtak lyder slik:

1. Fjell kommune ønskjer ikkje å vere med i det nye hamnesamarbeidet slik som det er skissert, jfr vedtak i styret i BOH 02.september 2013. (vår understreking).

Saksgrunnlaget for dei to kommunestyra er felles, og kommunestyret i Lindås valde å gjere eit vedtak som ikkje på same måte tok atterhald for moglege endringar i premissane for det nye selskapet i den vidare prosessen. Det felles saksgrunnlaget er likevel tydeleg på kva premissar for BH som då ikkje gav grunnlag for å vere med vidare, og at evt. endringar i desse ville kunne endre vurderingane i dei to kommunane.

Denne ståstaden vart m.a tydeleg gjort greie for i møte mellom administrasjonen i Fjell kommune og hamnedirektør Inge Tangerås og leiinga i BOH 6.mars 2014, og i møte mellom ordførarane i Fjell og Lindås og byrådsleiar i Bergen 2.april 2014.

I desse møta fekk ein også tydeleg stadfesta at ein hadde rett forståing av at arbeidet med å legge alle premissane for BH ikkje var slutført, og at ein først kunne vente ein endeleg status for desse når materialet vert sendt alle deltakarkommunane i BOH for vidare avgjerder der.

Ut frå vedtak i BOH sitt styre i september 2013 ville desse premissane ligge føre våren 2014, men i dei nemnte møta gjorde ein det klart for Fjell og Lindås at ein venteleg ikkje ville klare dette.

Med dette som bakgrunn starta Fjell og Lindås å førebu etablering av eit nytt felles hamneselskap. For ikkje å gjere dette på feile premissar, har ein utsett slutføring av dette arbeidet i påvente av materialet frå BOH med dei endelege og samla premissane for det nye BH. Framdrifta i BOH sitt arbeid har vist at dette har vore ei klok avgjerd.

Vi er kjend med at styret i BOH, til møte 26.september i år, m.a hadde Wikborg, Rein &Co (W&R) sitt notat av 16.september 2014; *Oppløsning av BOH – vilkår, virkninger og prosedyrer* som grunnlag. Notatet indikerar at ein p.t ikkje har slutført arbeidet med alle premissane for det nye BH. Ein er også tydeleg på (m.a i pkt 2.3) at (sitat).... *de enkelte kommuner ikke må ta stilling til deltakelsen før det endelige forslaget til ny modell foreligger.*» Dette er i tråd med tidlegare signal frå selskapet og styret. Meir overraskande er at ein innleiingsvis slår fast (om Lindås og Fjell) at (sitat)....*de to kommunene*

- *ikke ønsker å tre inn som deltakere i BH IKS»* (vår understreking).

Og at ein deretter skriv at (sitat) ...»*Etablering av et nytt BH IKS eret forhold som ikke angår Fjell kommune, Lindås kommune og eventuelt andre kommuner som i nær fremtid skulle vedta at de ikke vil delta i et nytt BH IKS».* Og deretter, i pkt.2.3 i notatet seier (sitat)....*sistnevnte eiermøte vil kun bestå av de kommuner som har uttrykt interesse for deltakelse i BH IKS....».*

Det kan sjå ut som at W&R ikkje har fått med seg dei momenta som er nemnt i vår klargjering, og soleis byggjer mykje av notatet på ei mistyding av situasjonen.

Fjell og Lindås er spørjande til om styret i BOH likevel står for same synspunkt og haldning som W&R gjev uttrykk for, og ber om tilbakemelding på dette.

Lindås og Fjell representerer ein monaleg stor del av hamneaktiviteten innafor BOH sine grenser. Dette gjeld både tonnasje, tal farty og inntekter. Vi tenkjer difor at premissane og føresetnadene bak danninga av det nye BH IKS må vere vesentleg påverka av om vi vert med eller ikkje, og har vanskjeleg for å sjå at ein kan etablere eit nytt selskap utan at ein tek omsyn til dette. Vi føreset at dette er ein del av føresetnadene styret no arbeidar med. Om vår forståing av dei premissane styret arbeider etter ikkje er rett forstått, ønskjer vi også informasjon om dette.

Vi har tidlegare, både i saksgrunnlaget for kommunestyra sine vedtak, og i direkte dialog med ulike partar (sjå døme innleiingsvis i dette brevet), gjort kjend kva premissar som er viktige for Fjell og Lindås. Vi vil likevel kort nemne dei her (ikkje-prioritert rekkjefølge):

- ingen av eigarane må kunne ha fullstendig dominans målt i vekting i styre og/eller råd.
- avtalegrunnlag som sikrar fokus på vekst- og utviklingstiltak for hamner og næringsliv i fleire delar av hamneområdet
- berekraftig økonomisk fundament som sikrar at mål og visjonar let seg realisera

Som ein les av dette brevet, så har Fjell og Lindås både vore aktive i å kommunisera sin ståstad i høve kva føresetnader eit nytt samlande hamneselskap (BIH) bør byggje på. Likeins har ein tålmodig venta på endelege premissar for det nye selskapet. Med basis i Wikborg & Rein sitt notat, ser ein likevel behov for ei snarleg avklaring i grunnleggjande føresetnader, og ber difor om dykkar tilbakemelding på styret og administrativ leiing i BOH sitt syn på dette. Vi ber med andre ord om eit snarleg svar på dette brevet!

Med helsing


Eli Årdal Berland
ordfører i Fjell kommune

Astri Århus Byrknes (s)
Lindås kommune